

Forslag til planprogram

Kommunedelplan vatn og avløp 2026-2036



Figur 1 Arbeid foran tunnelliniøpet til Kongshaugen renseanlegg (bilde tatt 06.06.25)

Dato: 12.06.25

Innhold

1. Kort om planprogrammet.....	3
2. Formål med planarbeidet	3
3. Rammer og føringar.....	4
4. Planområde	4
5. Planperiode	4
6. Medverknad.....	4
7. Viktige problemstillinger	4
Vassforsyning:.....	4
Avløp:	5
8. Tilhøve til konsekvensutredning	5
9. Organisering.....	5
10. Tidsplan	6

1. Kort om planprogrammet

Eit planprogram er eit verktøy for tidleg medverknad og avklaringar av viktige omsyn i planarbeidet. Det skal angi formålet med planarbeidet, avklare viktige problemstillingar og omtale korleis planlegginga er tenkt gjennomført. Interesserte blir bedt om å komme med innspel og synspunkt til planprogrammet. Etter ein slik prosess, og på bakgrunn av forslaget til planprogrammet, vil eit endeleg planprogram bli utarbeida. Etter at endeleg planprogram er vedtatt skal arbeidet med kommunedelplan avløp og vassforsyning fullførast.

Sula kommune skal utarbeide ein felles, heilskapleg og overordna kommunedelplan for vatn og avløp. Planen skal ha status som kommunedelplan i henhold til Plan- og bygningslova (PBL). Kommunen skal varsle oppstart av planarbeidet og utarbeide eit planprogram (dette dokumentet).

2. Formål med planarbeidet

Eksisterande kommunedelplan for avløp ble utarbeida i 2012, og er moden for revisjon. Det tas derfor sikte på å revidere kommunedelplanen og gjere den gjeldande for vatn og avløp. Kommunedelplanen vil være grunnlag for overordna og langsiktig styring innan desse tenestoområda i Sula kommune.

Kommunedelplanen skal understøtte kommuneplanens overordna visjon og målsettingar. Arbeidet med kommunedelplanen har følgjande mål:

- Kartlegge dagens situasjon for leidningsnett og tekniske anlegg, og stake ut vegen vidare
- Finne overordna mål for avløp og vassforsyning
- Forankre planarbeidet i kommunen
- Sikre omsyn til miljø, ressursar og samfunn
- Sikre at krav i forureiningsforskrifta bli lagt til grunn for kommunens avløpsanlegg
- Sikre nok og hygienisk drikkevatt

Planen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver. Kommunedelplan for vatn og avløp skal understøtte kommuneplanen sine overordna visjonar og målsettingar.

3. Rammer og føringar

Kommunens vassforsyning og avløpshandtering skal innfri krav i overordna regelverk, deriblant drikkevassforskrifta, vannforskriften og forurensingsforskriften (avløp). I tillegg må kommunedelplan ivareta føringar frå statlege instansar, deriblant Statsforvaltaren, Fylkeskommunen i Møre og Romsdal, NVE og Mattilsynet.

Av eksisterande kommunale planer finnes følgande:

- kommunedelplan avløp (2011-2021)
- Arealplan (2015-2025)
- Samfunnsplan (2025-2035)

4. Planområde

Planområdet er hele Sula kommune.

5. Planperiode

Kommunedelplan utarbeidast for perioden 2026-2036. Tiltaksplanen reviderast årleg.

6. Medverknad

Forankring av planarbeidet blant kommunens folkevalde, innbyggjarar, næringsliv og offentlege instansar er ein viktig del av planarbeidet. Det blir derfor lagt opp til informasjon og moglegheit til medverknad og innspel på følgjande vis:

- Forslag til planprogram (dette dokumentet) blir sendt ut på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn. Det blir gitt moglegheit for innspel til både planprogrammet og planarbeidet.
- Forslag til kommunedelplan vil på same måte bli gjenstand for høyring og offentleg ettersyn med moglegheit for innspel før endeleg politisk vedtak

7. Viktige problemstillingar

I arbeid med kommunedelplanen skal ein greie ut følgjande:

Vassforsyning:

- Sette konkrete mål for vassforsyninga til kommunen
- Kartlegge tilstanden til det kommunale vassforsyningsanlegget
- Leveringssikkerheit frå Ålesund

Forslag til planprogram: Kommunedelplan for vatn og avløp 2026-2036

- Gjere ei overordna vurdering av brannvassdekninga
- Gi ei oversikt over eksisterande planar og rutinar i forhold til beredskap og internkontroll
- Påpeke avvik mellom dagens tilstand og målsetjingane
- Vurdere kapasitet og lokalisering av høgdebasseng

Avløp:

- Sette konkrete mål for avløpssektoren til kommunen
- Kartlegge og beskriva tilstanden til det kommunale avløpssystemet, inklusive status for reinseanlegga og overløp
- Kartlegge og beskriva behovet for fornying av sektoren
- Vurdere forhold knytte til overvatn og klimatilpassing
- Påpeke avvik mellom dagens tilstand og målsetjingane.
- Handtering av overvatn for å unngå flaum og skadar ved flaum/inntrenging i kjellarar m.m.
- Beskrive tiltak for sanering og opprydding i kommunale og private avløpsanlegg for å overhalde reinsekrav. Det skal kartleggjast kor offentleg avløpsleidning skal byggjast ut og kvar det er formålstenleg å behalda private fellesanlegg
- Kartlegge og beskriva miljøtilstand for vassførekomstane i Sula kommune

Alle nye tiltak skal samanfattast i ein tiltaksplan og berekne kostnadene for gebyrnivå

8. Tilhøve til konsekvensutredning

Vi ser ikkje behov for konsekvensutgreiing etter Plan og bygningsloven i forbindelse med kommunedelplanen. Dette fordi planen i seg sjølv ikkje utløyer krav om konsekvensutgreiing etter Forskrift om konsekvensutredningar § 2, 3 og 4.

9. Organisering

Eining for kommunalteknikk vil stå for utarbeiding av sluttdokument.

Prosjektleiars oppgåve er å sørge for at arbeidet med kommunedelplanen blir gjennomført etter fastsette mål, framdrift og budsjett. Prosjektleiars skal saman med einingsleder, ingeniør, utestyrke og konsulentar i fellesskap leggja føringar for korleis planane skal utførast, og korleis sluttresultatet skal bli. Andre involverast etter behov.

10. Tidsplan

Aktivitet	Tidsperiode
Utarbeide planprogram	mai-juni 2025
1. gong politisk behandling	juni 2025
Kunngjøring av oppstart, offentlig ettersyn i 6 uker	juni-juli 2025
Vurdering av innkomne innspill	august 2025
2. gong pol.beh. Vedtak av planprogram	september 2025
Utgreiingar og vurderingar	juni-oktober 2025
Utarbeide forslag til kommunedelplan	august-oktober 2025
1.gong politisk behandling	oktober 2025
Offentleg ettersyn/høyring	oktober-november 2025
2.gong politisk behandling. Vedtak av kommunedelplan	desember 2025